



DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

# Prop. 35 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Vern av Øystesevassdraget

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 7. desember 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Olje- og energidepartementet legg med dette fram forslag om å supplere verneplanen for vassdrag med Øystesevassdraget i Kvam herad i Hordaland.

Stortinget har vedteke fire verneplanar for vassdrag i åra 1973 til 1993, og suppleringar i 2005 og 2009. Desse blir samla omtala som *Verneplan for vassdrag*, og omfattar 389 vassdrag eller vassdragsavsnitt som til saman utgjer eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur. Verneplanen er ein bindande instruks frå Stortinget til forvaltninga om å ikkje gi konsesjon til vasskraft i desse vassdraga. Vernet gjeld fyrst og fremst mot vasskraftutbygging, men verneverdiane skal òg bli tatt omsyn til ved andre typar inngrep.

Øystesevassdraget var mellom vassdraga som blei vurdert i St.prp. nr. 53 (2008–2009) *Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering*. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) si vurdering var då at Øystesevassdraget har kvalitetar som klart kvalifiserer vassdraget til å inngå i Verneplan for vassdrag. NVE peika særleg på omsynet til landskap, friluftsliv og variasjonsriksdom i naturtypar frå fjord til fjell. Det blei òg synt til at Øystesevassdraget er eit fjordvassdrag i eit område som er lite representert i verneplanen. Departementet råde i nemnde proposisjon Stortinget til at vassdraget ikkje burde bli tatt inn i Verneplan for vassdrag, og at verdiane i vassdraget best kunne bli vurderte og bli ivaretekne gjennom konsesjonshandsaming

av ulike vasskraftprosjekt. Departementet opna for at spørsmålet om vern kunne bli vurdert på nytt om konsesjonshandsaminga synte at utbygging av vassdraget ikkje var aktuelt. Fleirtalet slutta seg til regjeringa sitt syn og gjekk ikkje inn for vern av Øystesevassdraget, jf. Innst. S. nr. 289 (2008–2009).

Departementet av slo 28. august 2017 søknaden frå Øystese Kraft AS om løyve til å bygge Øystese kraftverk i nedre delen av Øystesevassdraget, og søknaden frå BKK Produksjon om løyve til å overføre vatn frå Vossadalsvatn i øvre delen av Øystesevassdraget til Svartavatn reguleringsmagasin i Samnangervassdraget. Utbyggingsane ville samla kunne hatt ein årleg produksjon på om lag 88 GWh. Vedtaket for Øystese kraftverk blei klagt til Kongen i statsråd, og avslaget blei oppretthalde ved kgl. res. 2. mars 2018.

### 2 Økonomiske og administrative konsekvensar

NVE har gjort ei digital ressurskartlegging for små vasskraftverk som syner eit potensial i Øystesevassdraget på om lag 80 GWh/år med ei investeringsgrense på 3 kr/kWh. Produksjonspotensialet for små vasskraftverk blir redusert ved overføringar i øvre del av vassdraget.

Kraftressursane i øvre del av vassdraget ved overføring til Samnangervassdraget, som BKK Produksjon søkte om, kunne gi om lag 43 GWh/år.

Øystese kraftverk hadde ein forventa produksjon på om lag 63 GWh/år, alternativt 44 GWh om overføringa BKK Produksjon søkte om hadde blitt realisert.

Begge dei omsøkte kraftprosjekta blei vurdert å ha ein positiv noverdi ut frå anslag på kostnader og forventingar til framtidig kraftpris. Regjeringa meiner at dei negative miljømessige konsekvensane ved utbygging av Øystesevassdraget må bli tillagt betydeleg vekt, jf. omtale i vedtak av 28.8.2017. Regjeringa har etter ei samla vurdering kome fram til at dei samfunnsmessige fordelane ved dei omsøkte vassdragsutbyggingane er mindre enn dei skadane og ulemper som vert påført natur og miljø eller andre allmenne interesser.

Etter at Øystesevassdraget er verna vil NVE forvalte vassdragsvernet på same måte som i dei andre vassdraga som er omfatta av Verneplan for vassdrag. Dette kan ha konsekvensar både for aktivitet i vassdraget som blir vurdert etter vassressurslova og for tiltak i nedbørfeltet som kan gi grunnlag for motsegner etter plan- og bygningslova. NVE sine kostnader til forvaltning av vernet vil bli dekkja innanfor Olje- og energidepartementet sine budsjettammer.

### 3 Øystesevassdraget

052/3 Øystese (Hordaland)

Kommune:	Kvam
Nedbørfelt:	45 km <sup>2</sup>
Kraftpotensial:	Om lag 100 GWh/år
Verneplanstatus:	Vurdert i avsluttande supplementing av Verneplan for vassdrag. Blei då ikkje verna.

Øystesevassdraget ligg sentralt i Hardanger, i Kvam herad aust for Bergen. Vassdraget kan karakteriserast som eit fjordvassdrag og har utløp i Hardangerfjorden. Vassdraget grensar i vest til det verna vassdraget Fosselvi, eit sidevassdrag i øvre delen av Steindalsvassdraget.

Øystesevassdraget ligg i eit område med lite vern av vassdrag som utgjer heile nedbørfelt. Vassdraget er relativt lite og med kort avstand frå høgfjellet til fjorden.

Tettstaden Øystese ligg ved utløpet. Elva er sikra mot erosjon i nedre del. Det er ein veg langs austsida av Fitjadalsvatnet til nordenden av vatnet. Det er fleire kraftliner (22 kV og 132 kV) på tvers

av vassdraget i nedre delen, i tillegg til 420 kV-lina Sima-Samnanger, som kryssar vassdraget ved utløpet frå Fitjadalsvatnet.

Øystesevassdraget er relativt urørd, samtidig som det ligg i ein region med forholdsvis mykje vasskraftproduksjon. Vassdraget er mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon, og ligg nært Bergen og er lett tilgjengeleg for mange menneske.

Øystesevassdraget har verdiar for biologisk mangfald. Til dømes er det i nedre del av vassdraget registrert spesielt store verdiar knytt til naturtypane fossesprøytsone og bekkekløft ved Ørredalsfossen, inkludert fleire artar med status som truga i den nasjonale raudlista.

NVE har i brev til departementet av 13.6.2018 gitt følgjande oppsummering i oppdatert vurdering av vernegrundlaget:

«Øystesevassdraget er et helhetlig fjordvassdrag beliggende i et område som har lav dekning med hensyn til vern av heldekkende nedbørfelt. Vassdraget er relativt lite, og med kort avstand fra høyfjell til fjord. Likevel er det variert og med stort mangfold både med hensyn til de ulike elvestrekningene, landskapet som helhet og bruken av det. Store deler av nedbørfeltet ligger mer enn 1 km fra teknisk inngrep. Eksisterende inngrep består av mindre vei langs Fitjadalsvatnet, samt noe gårds- og hyttebebyggelse. Tettstedet Øystese ligger ved utløpet. Øystesevassdraget er relativt urørt, samtidig som det ligger inn mot en region som er forholdsvis tungt berørt av kraftproduksjon. Vassdraget er mye brukt i rekreasjon og friluftssammenheng.

Verdiene er knyttet til urørthet og variasjon, samtidig som vassdraget er mye brukt både til beite og til friluftsliv og rekreasjon. Det er også flere biologiske verdier knyttet til vassdragsmiljøet, herunder spesielt store verdier knyttet til i bekkekløftmiljøet i vassdraget og fossesprutsonen ved Ørredalsfossen.»

Øystese Kraft, Kvam Høgre og Kvam KrF og Vik og Mo Grendalag har kome med merknadar til saka i samband med NVE si oversending av oppdatert vurdering av vernegrundlaget til departementet. Øystese Kraft, Kvam Høgre og Kvam KrF meiner at det må bli utgreia eit tilsvarande flaumsikringsprosjekt i Øystesevassdraget med Fitjadalsvatnet som buffer, som i Opovassdraget i Odda. Dersom ikkje det blir gjort må det bli stilt garantiar for at framtidige flaumar ikkje kan gjere skadar som resultat av vernet. Vik og Mo Grendalag ønskjer primært vern av øvre del av vassdra-

get, subsidiært ikkje vern i det heile tatt. Grendalaget syner til at eit vern av heile vassdraget vil vere til hinder for å finne gode samfunnsmessige løysingar for flaumsikring, og at ei slik sikring må bli gjort ved å nytta Fitjadalsvatnet som dempingsmagasin.

#### *Departementet si tilråding*

Departementet syner til St.prp. nr. 53 (2008–2009) *Verneplan for vassdrag – avsluttande supplering*, der departementet opna for at spørsmålet om vern kunne bli vurdert på nytt om konsesjonshandsaminga synte at utbygging av vassdraget ikkje var aktuelt.

Konsesjonshandsaming av konkrete prosjekt har no konkludert med at fordelane ved planlagde vasskraftprosjekt er mindre enn ulempene. Verdiane i vassdraget har òg blitt vurderte nærare i konsesjonshandsaminga, og det er registrert ytterlegare naturverdiar i vassdraget.

Det er dokumentert betydelege verneverdiar i Øystesevassdraget knytt til landskap, friluftsliv og biologisk mangfald. Vassdraget ligg i eit område med lite vern av heile nedbørfelt av denne typen.

Ved handsaminga av Meld. St. 25 (2015–2016) Kraft til endring, jf. Innst. 401 S (2015–2016), uttala energi- og miljøkomiteen følgjande om tilhøvet mellom Verneplan for vassdrag og flaumdemping: «Komiteen mener det er viktig å ivareta og bruke naturens egen flomdempende kapasitet. Komiteen mener konsesjonsbehandling for kraftutbygging over 1 MW i vernede vassdrag skal forelegges Stortinget og kun vurderes i de tilfeller der andre flomdempende tiltak er utprøvd, liv og helse står på spill og verneverdiene ikke vil påvirkes nevneverdig». Departementet kan ikkje sjå at flaumdemping er eit avgjerande argument mot vern av Øystesevassdraget.

Departementet tilrår at Øystesevassdraget blir tatt inn i Verneplan for vassdrag.

#### Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om vern av Øystesevassdraget.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om vern av Øystesevassdraget i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## **Forslag**

### **til vedtak om vern av Øystesevassdraget**

Stortinget vedtek at følgjande vassdrag blir tatt inn i Verneplan for vassdrag:

Objekt	Fylke	Vassdrag
052/3	Hordaland	Øystesevassdraget